



Bergen og Omland Havnevesen  
Postboks 6040  
5892 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1922 - 18/25776

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
23.08.2018

## Oversender søknad om dispensasjon og utfylling i sjø til uttale - gbnr 212/19 Eikanger øvre


Tiltak: utfylling i sjø  
Byggjestad: Gbnr: 212/19 Øyna 1  
Tiltakshavar: Hobby Boat AS  
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon og utfylling av eit areal i sjø. I søknaden er det opplyst at utfyllinga vil gje eit ferdig areal på 414 m<sup>2</sup>. Arealet skal nyttast til lagring av tilhengarar tilknytt drifta Hobby Boat AS har på eigedommen i dag.

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF føremålet og arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplane sin arealdel, samt frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningslova § 1-8.


### Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til LNF føremål (liten del av arealet) og arealføremål i sjø som er bruk og vern av sjø og vassdrag. Arealet ligg og innanfor støysone mot E39.



Situasjonsplan:





## VURDERING

### Dispensasjon

I søknad om dispensasjon skriv søkjar:

### Begrunnelse

- Utfylling gjelder ett areal under brokonstruksjonen og anses derfor å ha liten fjernvirkning for omkringliggende areal.
- Areal ligger i tilknytning til areal avsatt til næringsvirksomhet i kommuneplanen.
- Statens vegvesen har gitt godkjenning av saken på vilkår. Vilkår vil bli ivaretatt.
- Areal ligger i tilknytning til næringsvirksomhet og under brokonstruksjonen til E-39 og anses derfor å ha begrenset med allmenne interesser for natur og friluftsliv.
- Omsøkte tiltak vil gi en grunnflate på 414kvm og skal ikke benyttes til ny bebyggelse.
- Fri bredde i sjøen for båtpassasje vil ikke bli mindre enn dagens situasjon

### Konklusjon

Utifra punktene over mener ansvarlig søker at fordelene ved å gi dispensasjon er betydelig større enn ulempene.

Arealet som skal fyllast ut ligg under brua der E39 går. Administrasjonen er etter ei førebels vurdering positiv til ein dispensasjon til utfyllinga, og støttar seg på argumenta til ansvarleg søkjar.

### Veglova/ Statens Vegvesen som grunneigar

Statens Vegvesen er ikkje nabovarsla i samband med denne søknaden. Vi har ikkje funne grunnlag for å krevje varsling, då Lindås kommune si vurdering er at Statens Vegvesen får ivaretatt sine interesser gjennom høyringa.

Tiltaket er plassert nærare nabogrensa mot dykkar eigedom på gbnr 212/83 enn 4 meter.

**Tidlegare uttalar**

Statens Vegvesen og Bergen og omland havnevesen har tidlegare gjeve uttalar i saka, sjå vedlagte dokument. Vi ber om tilbakemelding på om desse uttalane fortsatt gjer seg gjeldande.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om løyve i eitt-trinn - gbnr 212/19 Eikanger øvre  
C-2 Gjenpart av nabovarsel del 2  
D-1 Situasjonsplan etter utfylling  
D-2 Situasjonsplan Eksisterende  
E-1 3D modellbilder  
E-2 Tverrprofiler 1  
E-3 Tverrprofiler 2  
F-1 Redegjørelse til byggesøknad  
G 1-2 Ansvarsrett og gjennomføringsplan  
Q-1 Uttalelse fra Statens vegvesen  
Q-2 Førehandsuttale frå BOH  
Søknad om løyve til tiltak  
B-1 Søknad om dispensasjon  
C-1 Gjenpart av nabovarsel del 1

**Kopi til:**

Helgesen Tekniske Bygg AS	Valestrandsfossen	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Hobby Boat AS	Øyna 1	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER